

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Kristian Hanto,
Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilsen -1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes- dagleg leiar, Ingrid S. Stuhaug –
tillitsvald, John Stenersen, Øyvind Sandum, Liv Annette
Nygjerdet og Audun Stokke Hole

Tid: Fredag 12.januar kl. 12-lørdag 13.januar kl. 13.00

Stad: Radison Blu Resort Trysil, Hotelvegen 1, 2420 Trysil.

Referat

- Styresak 2018/01 Innkalling og sakliste
- Styresak 2018/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2018/03 Kriterium årets lokallag
- Styresak 2018/04 Representasjon på årsmøta til områdelaga
- Styresak 2018/05 Heidring av jubilerande heidersmedlemmer
- Styresak 2018/06 Innspel til kulturmeldinga
- Styresak 2018/07 Arbeidsplan 2018
- Styresak 2018/08 Revidering av tevlingsreglement
- Styresak 2018/09 Billettprisar i operaen
- Styresak 2018/10 Søknad om å arrangere Landskappleiken 2019.
- Styresak 2018/11 Revidert budsjett 2018
- Styresak 2018/12 Eventuelt

Styresak 2018/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2018/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 18.januar 2018 (etter 8.desember 2017)

- a. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Folkelarm
 1. Etterarbeid og rapportering etter Folkelarm 2017.
 2. Vi har søkt både arrangementstøtte og seminarstøtte til Folkelarm 2018 frå Norsk Kulturråd.
 - ii. INTROFolk
 1. Vi har byrja arbeidet med å sette saman juryen
 2. Både Førdefestivalen, Telemarksfestivalen og Folkemusikkveka har sagt ja til å ha semifinalar.
- b. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Nr 1 2018 blir lansert i veke 9.
 2. Planlegg bladslepp for alle nummera i 2018.
- c. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi har lansert arrangør- og festivalstatistikk for 2016 saman med Arrangørforum, og lansert kampanjen grasrotløftet for arrangørfeltet.
 - ii. Styreleiar og dagleg leiar har hatt møte med statssekretær Bård Folke Fredriksen om å auke kunnskapen og merksemda om folkemusikk og folkedans i Noreg.
 - iii. Norsk musikkråd er i forhandlingar med TONO på vegne av medlemsorganisasjonane. Vi må ta stilling til tilbodet som no ligg på bordet.
- d. Særskilde satsingar
 - i. Rekruttering
 1. Har sendt ut tilsagnsbrev til dei fem Dextra-prosjekta.

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orienteing.

Styresak 2018/03 Kriterium årets lokallag

Vedtak:

1. Retningslinjer for premie, juryarbeid, utdelingsstad for årets lokallag og reiserekning/overnatting for nominerte vert ikkje endra.
2. Tidsplan vert godkjent, men fristen er sett til 1.september og utlysinga skal marknadsførast under LK og LF.
3. Vi går bort frå å ha bestemte kriterium, men skriv ein tekst i utlysinga der vi gir døme på kva som kan vere relevant å legge vekt på. På den måten skal terskelen bli lågare for å melde inn.

Styresak 2018/04 Representasjon på årsmøta til områdelaga

Vedtak:

Desse representerer FolkOrg på årsmøta i områdelaga:

Trøndelag: Øyvind Sandum

Sogn og Fjordane: Øyvind Sandum og Helene M. Bolstad.

Buskerud: Kjellbjørn Karsrud om datoen passar.

Hedmark: Thomas Nilssen om datoen passar.

Saffa: Øyvind Sandum og/eller Thor Hauknes om datoen passar.

Gudbrandsdal: Camilla Granlien og/eller Hilde Reitan om datoen passar.

Valdres: Kjellbjørn Karsrud om datoen passar.

Telemark: Kristian Hanto om datoen passar.

Hordaland: Silje Solberg eller Ingrid Stuhaug om datoen passar.

Styresak 2018/05 Heidring av jubilerande heidersmedlemmer

Vedtak:

- a) *Hilde Reitan (alt: Thor Hauknes eller Ole Erik Feragen) vitjar Randi Gullikstad*
- b) *Kristian Hanto vitjar Hauk Buen*
- c) *Vi spør Torill Aasegg om å vitje Egil Bakka.*
- d) *Kristian Hanto vitjar Jan H. Lislien*
- e) *Kristian Hanto vitjar Karin Brennesvik.*

Styresak 2018/06 Innspel til kulturmeldinga

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med innspelet til kulturmeldinga ut frå dei signala styret kom med.

Styresak 2018/07 Arbeidsplan 2018

Vedtak: Arbeidsplan for 2018 vert vedteke med dei justeringane som vart gjort i møtet,

Styresak 2018/08 Revidering av tevlingsreglement

Vedtak: Styret vedtek framlegg til revidert tevlingsreglement, men med tillegg om at ein kan stille fleire gonger i lagspel, gruppespel og lagdans på både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk, og eit par språkjusteringar.

Styresak 2018/09 Billettprisar i operaen

Vedtak:

Billettprisane vert sett til:

1. 550,-
2. 450,-
3. 350,-
4. 150,-

Styresak 2018/10 Søknad om å arrangere Landskappleiken 2019

Vedtak: Vågå Spel- og Dansarlag blir lokal arrangør av Landskappleiken 2019 i perioden 26.-30.6.

Styresak 2018/11 Revidert budsjett 2018

Vedtak:

- a) *Vi bruker kr 200 000 frå eigenkapital til eit utviklingsprosjekt for administrasjonen i FolkOrg.*
- b) *Vi kan bruke dei pengane som vart satt av frå eigenkapital til TONO-arbeidsgruppa og som ikkje vart nytta i 2017, i budsjett 2018.*

- c) AU får fullmakt til å vedta endeleg budsjett med bakgrunn i dei signala som vart gitt av styret.

Styresak 2018/12 Eventuelt

Forhandlingar med TONO om avtale for lag og arrangørar

Vedtak: FolkOrg vil ikkje godta avtalen som no ligg på bordet. Vi har ei problemstilling på tradisjonsfeltet som er så spesiell at vi treng å arbeide ekstra med den i tida framover. Det arbeidet bør styrkast med juridisk kompetanse.

I etterkant av møtet vedtok styret at vi kunne akseptere avtala med TONO for laga våre etter ei særskild avtale med NMR. Det for å kunne arbeide for ei betre kollektiv avtale frå 2020. I tillegg vedtok styret at vi vil vere med på eit forsøk på å forhandle fram ei kollektiv arrangøravtale.